

ULVIK TAXI / LARS-PETTER BØRSHEIM
Øvragardsvegen 84
5730 ULVIK

Dato: 28.06.2018
Vår ref.: 2018/141-37
Saksbehandlar: annvedv
Dykkar ref.:

Melding om vedtak - klage på avslag på søknad om taksameterfritak

Me viser til klage datert 03.04.2018 over avslag på søknad om taksameterfritak i reserveløyve R-815.

Klagenemnda handsama klaga i møte 19.06.2018 sak 33/18 og fatta følgjande vedtak:

«Klage frå Lars-Petter Børsheim på fylkesdirektør samferdsel sitt avslag på søknad om taksameterfritak for reservedrosjeløyve R-815 vert ikkje teken til følgje.»

Vedtaket var samrøystes og er endeleg. Eit eventuelt søksmål må reisast innan to månader rekna frå underretninga om klagevedtaket kom fram, jf. yrkestransportlova § 34.

Saksframlegget til klagenemnda følgjer vedlagt til orientering. Saksframlegget er grunngjevinga for klagenemnda sitt vedtak, jf. forvaltningslova § 24.

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Anne Vedvik
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.